

Hordaland Birøkterlag v/ Bjarte Tennfjord  
Gamle Kyrkjevegen 21  
5378 KLOKKARVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/5316 - 23/68007

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
[laila.bjorge@alver.kommune.no](mailto:laila.bjorge@alver.kommune.no)

Dato:  
31.08.2023

## **Innvilga tilskot til gjennomføring "Kystlynghei-festivalen 2023"**

**Administrativt vedtak: Saknr: 914/23**

### **VEDTAK:**

**Alver kommune løyer kr 5 000 i tilskot til gjennomføring av kystlynghei-festivalen 2023.**

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga under.

Tilskottet vert dekka av konto: 1 4700 teneste 3290 ansvar 7130

Tilskotet vert utbetalt til Hordaland birøktarlag v/ Vegar Helland, Kongleveien 4, 5105 Eidsvåg i Åsane org.nr 998482992  
kontonummer 3626 26 02502

### **Saka gjeld**

Kystlyngfestivalen 2023 søker om økonomisk støtte til gjennomføring. Budsjett er på kr. 220.000, og dei skal dekke kr. 50.000 av eigne midlar.

Økonomiske bidrag vil verte publiserte gjennom annonseringa og i programmet for festivalen. Vi vonar på velvillig handsaming av søknaden vår!

Målet med festivalen er å oppnå bærekraftig bruk og forvalting av dei matproduserende, men sterkt truga kystlyngheiane. Mange raudlista plante- og dyreartar har lyncheia som naturleg habitat. Mange stader lagrar lyncheiane store mengder karbon, meir enn dei fleste skogane våre. Faglag for sauebønder og bierøktarar, vernegrupper og offentlege forvaltingsorgan skal kartlegge og overføre kunnskap om kystlynghei til dei ulike brukarane av landskapet. Målgruppa er honningprodusentar, sauebønder, vernegrupper og forvaltingsorgan.

### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)  
[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Innhald og gjennomføring:

Festivalen varer i to dagar og byr på ei rekke faglege foredrag, paneldebatt, feltarbeid, synfaring, forutan presentasjon av matvarer frå llynghæiane (kjøt og honning).

Arrangementskomiteen er slik samansett:

- Hordaland børkterlag, ved leiar Vegard Helland
- Llynghesenteret på Lygra, ved fagleg ansvarleg Siri Haugum
- Llynghprosjektet DURIN, ved doktorstipendiat Kristine Birkeli
- Statsforvaltaren i Rogaland, ved Kristian Wilen
- Statsforvaltaren i Vestland, ved Solveig Kalvø Roald
- Villsau Vest, ved Hilde Bauer (forfattar av «Villausboka»)
- Norges Børkterlag, ved styremedlem Bjarte Tennfjord
- Sentrale børkterarar frå Rogaland, Vestland og Trøndelag fylke

**VURDERING:**

Kystlynghei er ein uvalgt naturtype og alle kommunar som har kystlynghei har eit ansvar for å bidra til at denne vert tatt vare på.

Kommunedirektøren syns det er veldig positivt at frivillige lag saman med forvaltning, forsking og Llynghesenteret vil laga ein slik festival.

Kommunedirektøren vil løyva kr 5000 til festivalen. Midlane vil verta utbetalt med det første

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Hordaland Birøkterlag v/ Bjarte Tennfjord Gamle Kyrkjevegen 21 5378 KLOKKARVIK